



Saksbehandlar: Torbjørn Hasund, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 16/5105-4

Neselva II kraftverk i Gloppen kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet viser til si uttale til Neselva II frå møte 14.05.2014, sak 45/14. Dei grepa som er gjort i den nye søknaden gjer at dei negative konsekvensane for miljø er vesentleg reduserte, og fylkesutvalet opprettheld ei positiv innstilling til tiltaket
2. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i lov om kulturminne, må oppfyllast før tiltaket kan i verksetjast

Vedlegg:

- Konsesjonssøknad
- Saksframlegg fylkesutvalssak 45/14, møte 14.05.2014
- Brev til NVE med orientering om vedtak i fylkesutvalssak 45/14, møte 14.05.2014

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Søknaden gjeld Neselva på Nes (Ytre Kandal) ved Breimsvatnet i Gloppen kommune. Frå før er det bygt eit kraftverk (Neselva I) som nyttar fallet i Neselva frå kote 195 til Breimsvatnet. I 2013 vart det søkt om løyve til å bygge Neselva II kraftverk, med inntak på kote 380 og kraftverk på kote 195, installert effekt 5,3 MW og årsproduksjon 20,5 GWh. Søkjar då var Kleivafossen Kraft AS.

Den opphavelege søknaden om utbygging av Neselva II vart handsama av fylkesutvalet 14.05.14 i sak 45/14. Den vart der handsama som del av ein kraftverkspakke. I den delen av vedtaket (pkt. 3) som omfatta Neselva II kraftverk, stod det: «

«Fylkeskommunen vurderer fordelane ved Øvrebo, Helgheim og Neselva II kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser. Fylkeskommunen rår til at det vert gitt konsesjon, på slike vilkår:

- 3.1. For Øvrebo kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.
- 3.2. For Helgheim kraftverk skal det leggast stor vekt på støydemping ved kraftstasjonen og tilpassing i høve til landskap og bygningsmiljø.
- 3.3. For Neselva II kraftverk skal minstevassføringa om sommaren aukast.

Søknaden vart i desember 2014 avslått av NVE, og dei skriv i si vurdering:

«NVE mener at en eventuell utbygging av Neselva II kraftverk vil medføre vesentlige negative virkninger for biologisk mangfold, og har ilagt hensynet til naturtypene bekkekloft og fossesprøytsoner av regional verdi avgjørende vekt i konsesjonsspørsmålet. Slipp av minstevannføring vil ikke være tilstrekkelig som avbøtende tiltak. Vi har også sett verdien av fossene på berørt strekning i

sammenheng med landskapsopplevelse og friluftsliv i området som er innfallsport til Nausdal - Gjengedal landskapsvernområde.»

Vedtaket til NVE vart påklaga til Olje- og energidepartementet (OED) i januar 2015. OED gjorde i april 2018 vedtak om å oppretthalde avslaget til NVE.

Søkjær no er OK Energi AS, og dei har justert kraftverksplanane og kome med ny søknad der dei ønskjer å utnytte eit fall på 95 m i Neselva med inntak på kote 290 og med kraftstasjonen på kote 195. Alt vatnet vil bli ført tilbake til elva før inntaket til det eksisterande kraftverket og tiltaket vil ikkje ha negativ påverknad på dette kraftverket.

Middelvassføringa i Neselva er berekna til 2470 l/s, og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukeevne på 4500 l/s. Kraftverket vil ha ei installert effekt på 3,4 MW, og estimert årsproduksjon blir på 11,4 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på ei 400 m lang strekning. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 200 l/s sommar og 100 l/s vinter. Kraftverket skal knytast til eksisterande 23 kV-nett gjennom 500 m med nedgraven jordkabel.

Lengda på elvestrekninga som vert påverka er redusert frå ca. 800 meter til ca. 400 meter i høve førre søknad.

3. Vurderingar og konsekvensar

Miljøkonsekvensar

Når det gjeld miljøkonsekvensar ved tiltaket, er søknaden basert på rapporten som låg til grunn for biologisk mangfold ved første søknad.

I det førre vedtaket skrev vi at minstevassføringa om sommaren skal aukast, utan at det i vedtaket var talfesta. I saksutgreiinga var dette talfesta til 400 l/s. Omsøkt sommarvassføring både då og no er på 200 l/s. Lengda på elvestrekning som vert berørt er halvert frå 800 til 400 meter. Ved kortare elvestrekning vil det bli eit mindre restvassfelt som bidreg med vatn til elva mellom inntak og kraftstasjon.

Det vert i rapporten om biologisk mangfold skildra ei fossesprøytsone innanfor tiltaksområdet. Etter metodikken i standardisert naturtypekartlegging (DN-handbok 13, 2007) har den fått verdi B, viktig.

Kulturminne frå nyare tid

Dersom viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka av planlagde tiltak, må tiltaka justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Vest for den planlagde kraftstasjonen ligg det eit SEFRAK-registrert uthus – fjøsbygning som i registeret er datert til 1800 talet. Det må ikkje gjerast skade på denne bygningen.

I den grad det er mogleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst mogleg synlege spor i landskapet og ei raskare revegeterering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskrånningar og riggområde etter at anlegget er fullfør

Automatisk freda kulturminne

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er såleis ikkje klart i kva grad kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Registreringa må gjerast på snø- og telefri mark. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med (Nærings- og) kulturarvdelinga i fylkeskommunen i god tid før arbeidet kan gjennomførast. Det må bereknast tilstrekkeleg tid til å følgje opp arbeid, ev. etterfølgjande utgraving før utbyggingstiltak i området kan i verksetjast.

4. Konklusjon

Tiltaksområdet er vesentleg redusert med inntak trekt ned frå kote 380 moh til kote 290 moh. Elvestrekninga som vert påverka er halvert. Inntaksdammen er med desse grepene trekt lenger vekk frå Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Nærleiken til verneområdet var eit vesentleg poeng i vurderinga til NVE når dei avslo førra søknad. Av dei tre fossesprøytsoneane som var registrerte, er det no berre den nedste som framleis er innanfor tiltaksområdet.

Fylkesrådmannen viser til at fylkesutvalet gjorde eit positivt vedtak ved førra søknad. Dei grepene som no er gjort gjer at tiltaket i enno større grad framstår som eit tiltak der fordelane er større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. §§ 9 og 10 i Lov om kulturminne, må oppfyllast før tiltaket kan setjast i verk. I den grad det er mogleg, må det ikkje gjerast skade på kulturlandskaps-element som geiler, vegar, steingardar, bakkereiner, bygningar eller andre synlege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området.